

HOL KOMMUNE
Sentraladministrasjonen
Formannskapskontoret

Finansdepartementet

Arkivkode
232 &13

Vår ref.
10/3771 - SHA

Deres ref.

Dato
11.02.2011

**SAKSBEHANDLINGSREGLAR VED UTSKRIVING AV EIGEDOMSSKATT
HØYRINGSUTTALE FRÅ HOL KOMMUNE.**

Finansdepartementet har i brev 15.11.2010 sendt forslag om nye saksbehandlingsreglar på høyring som kommunane er underretta om i brev 16.12.2010

Hol kommune sluttar seg til LVK hovudsynspunkt som framgår i LVK's foreløpige høyringsuttale av 9.2.2011. Kopi av denne vedlagt..

Elles vil Hol kommune gi fylgjande uttale til høyringa.

Nokon hovudtrekk i høyringssaka som Hol kommune gir høyringsuttale til.

Departementet gjer framlegg om at reglane i forvaltningslova i hovudsak skal gjelde når kommunane skriv ut eigedomsskatt. Slik er det formelt ikkje i dag. Forvaltningslova er uttrykkjeleg sagt ikkje skal gjelde. Dette gjeld m.a. reglane om habilitet, plikt til å rettleie, hjelp frå advokat, førehandsvarsel, teieplikt, dekning av sakskostnader, innsynsrett, grunngjeving m.m. Praxis er likevel at kommunane i hovudsak følgjer forvaltningslova.

Vidare gjer departementet framlegg om at klage over eigedomsskatt som gjeld anna enn verdsetting skal gå til fylkesmannen. Det er grunngjeve med at slike spørsmål er faktisk lovlegheitskontroll og etterprøving av faglege vurderingar som ikkje grip inn i kommunens skjønnsvurdering. Klage over verdsettinga er det forslag om skal bli behandla i kommunen, som nå.

Det ligg og i forslaget lovfesta opplysningsplikt for skattytar, og ei medverknadsplikt.

Til punkt 3. Vurderingar av forvaltningslova og eigedomsskattesaker

Det er naturleg at saksbehandlingsreglane også for eigedomsskattelova blir lovfesta og knytt til forvaltningslova så langt det er naturleg og nødvendig, for kommunen og for skattytar.

Det er likevel formuleringar i framlegget som ikkje synest vera praktisk relatert.

Å gå inn på mange detaljar her blir ikkje gjort, men det er viktig at det i førearbeidet til saksbehandlingsreglar er dialog for å ha nytte av erfaringar som KSE sit inne med på vegner av kommunane og dei relativt få som har praktisk erfaring frå arbeid med eigedomsskatt.

For inntektsåret 2010 har Skattedirektoratet fastsett likningsverdi for bustadeigedomar. og her er det brukt matrikelmål som kommunane normalt ikkje har brukt i arbeidet med eigedomsskattelegginga. Dette må vera unødig forvirrande og unødvendig, både for skatteytarane og for administrativt arbeid generelt. For kommunar flest har det i årevis vore brukt BRA-areal, medan Skattedirektoratet i si lansering av ny metode for fastsetting av likningsverdiar tok i bruk P-ROM og BOA.

Det er referert til at Finansdepartementet har utarbeidd rettleiande vedtekter for skattetakstar og at kommunane står fritt til å vedta slike reglar. Når det her er brukt **kommune** så vil det da også bety, vera meint at det er opp til den enkelte kommune å avgjere om slike rettleiande rammer eller vedtekter skal vedtakast av kommunestyret eller takstnemnd/sakkunnig takstnemnd i kommunen.

Til punkt 4.6. Grunngeving av vedtak

At **årleg** utskrivingsvedtak for kvar eigedom må innehalde ei **grunngeving** for skattetakst kan ikkje vera meint bokstaveleg. Slik eigedomsskattelova er i dag så skal i hovudsak ei skattetaksering stå i 10 år (med unntak for kraftverk). For dei fleste eigedomar er det difor denne nytakseringa som er grunnlaget for all vurdering, taksering og skattlegging. Det kan ikkje vera meint at slike vurderinga og grunngevinga skal repeterast kvart år når perioden for takst er på 10 år.

Dette må vera å forstå slik at både faktum og vurderingar -og dermed grunngeving - som blir lagt i nytakseringa følgjer eigedomen for den årlege skattlegginga slik lova er utforma. Så vil det vera slik at all *endring* som måtte skje med eigedomen, det må kommunen uansett ta tak i for å oppdatere faktasituasjonen og vurderingane som må til for å plassere eigedomen i det aktuelle regime, kommunens rammer og retningsliner for takseringa eller liknande dokument og rutinar for taksering. Årleg vil endringar frå eitt år til eit anna vera for dei **få** og ikkje for dei mange. Dessutan ligg det implisitt i vedtak som ein kommune vil gjera i høve til val av punkt i e-skattelovas § 3 kva som er grunnlaget for at ein eigedom må bli taksert.

Enkeltvedtak

Grunngeving er i departementets utgreiing gitt ei teoretisk tilnærming når det blir sagt at ”kommunen kan utarbeide en standardisert begrunnelse knyttet til verdsettelse av eiendom for eiendomsskatteformål, som inkluderer prinsippene for verdsettelse, samt hvilke kriterier og grunnlag som er lagt til grunn for den enkelte eiendommen, samt utregning av eiendomsskatten for eiendommen. Det er tilstrekkelig at begrunnelsen framgår av skatteseddelen.” Praksis vil på ein skattesetel stort sett vera tal for areal og kronesatsar for å rekne seg fram til takst og i tillegg dei prinsipp som takstnemnda elles har lagt til grunn for takseringa. Prinsippa har neppe plass på ein skattesetel anna enn som ein referanse.

Problematiseringa som departementet legg til grunn i sine avsluttande avsnitt i punkt 5.3.1. virkar å vere prinsipielt viktig framstilt, men praktisk og reelt lite relevant.

Til punkt 5. Klagerett og klageorgan

Kommunen er ansvarleg for taksering, utskriving og innkreving av skatten. Når eigedomsskattelova sia den kom i 1975 har lagt til grunn ein praksis som har overlatt til rettsleg avklaring på det som nå departementet vil leggje til fylkesmann og departement så synest departementets standpunkt lite grunngeve, bortsett frå juridiske prinsipp.

35 års praksis burde vore evaluert og vurdert, ikkje berre prinsipielt og juridisk, men både praktisk og demokratisk, før departementet konkluderer og tilrår. Praksis har truleg vist at gjeldande praksis har fungert greit. Det har vore nødvendig avklarande, og også avgrensande i høve til å byråkratisere ei ordning som i seg sjølv har vore avgrensande i unødige å invitere til klagebehandling.

Dessutan er dette ei lov om ein fiskal skatt som kommunane *kan* bruke. Innretninga av lova, m.a. gjennom dei alternativa som kommunen alt er gitt i §§ 2, 3 og 12 er også med på å halde på dagens ordning med kommunal avgjerd og ikkje avgrensa til verdsetting. På kommunenivå må det vera parallellitetar til klager som elles går til ankenemnda. Eventuelt at klagesaker vil ha som konsekvens at takstnemnd/sakkunnig takstnemnd gjer endringar i kommunens rammeverk, eventuelt kommunestyret. Ut over det vil søksmål og rettslege avgjerder elles vera alternativet, som i dag.

Det er neppe erfaringar som tilseier at problemstillinga i punkt 1.4., side 6 om tilfellet med skattytar som kan klage på at ein eigedom skulle vore omfatta av botnfrådrag, skal vera avgjerande for klagebehandlinga. Dette er i seg sjølv eit spørsmål om å kontrollere lovbruken, å etterprøve den. Å etablere eit regime der fylkesmann eller departement skal gå inn å vera aktørar på dette nivå, viss det ikkje er strengt nødvendig, må vera ei overeksponering.

Ved fleire tidlegare drøftingar av spørsmål rundt klage og klagebehandling har det vore konkludert med avgjerd på kommunalt nivå er det praktisk beste, minst byråkratiserande og rettsleg sett godt nok. Før ei eventuell endring bør det vera både rettsleg og praktisk dokumentert behov.

Til punkt 8 Opplysning og medverknad

For ei vanleg god taksering i dag er det normalt å bruke bilde, foto. Lovmessig er det faktisk viktig at til og med detaljar som dette får ei avklaring og lovforankring.

Til punkt 9 Opprydding i høve til landsskattelova og byskattelova, ev også anna lovverk

Dette er eit godt grep. Dei reglane i desse lovverka som framleis er aktuelle for eigedomsskattetakseringa blir dermed plasserte der dei i dag høyrer heime. Spesielt er dette tydeleg med byskattelovas paragrafar 4 og 5.

Det kan føre til tvil når departementet med tilvising til eigedomsskattelovas §10 skriv at kommunestyret skal fastsetje reglar for utskrivinga av eigedomsskatten i samband med den årlege budsjettbehandlinga. Det er greitt nok, men spørsmålet kan bli kva som da står igjen for dei som skal taksere og ha verkty i sitt ansvar for å taksere viss kommunestyret skal gå i detalj på dette. Så lenge §8 ikkje fullt ut er sett ut i livet er det også nødvendig at takstnemnda eventuelt sakkunnig takstnemnd kan ha reelle verkty i sitt arbeid med å taksere, jf siste avsnitt i kommentaren til punkt 3.

Skal ei takst bli fastsett ut frå fakta og skjønsmessig vurdering må rammeverket for det også vera der etter.

Med helsing

Lars Ole Skogen
rådmann

Fra: Vigdis Ekeland [mailto:vigdis.ekeland@lundogco.no]

Sendt: 9. februar 2011 13:51

Emne: Høringsuttalelse om nye saksbehandlingsregler for eiendomsskatt

Til ordfører, rådmann og økonomisjef

Finansdepartementet har i brev 15. november 2010 sendt på høring forslag til nye sakbehandlingsregler for eiendomsskatt.

Nedenfor følger LVKs foreløpige høringsuttalelse, som også er lagt ut på LVKs hjemmesider www.lvk.no.

LVK-nytt 11/11 - Nye sakbehandlingsregler for eiendomsskatt - LVKs foreløpige høringsuttalelse

I høringsbrev av 15. november 2010 med høringsnotat og lovforslag foreslår Finansdepartementet nye saksbehandlingsregler for eiendomsskatt. Høringsfristen er 12. februar 2011. Departementets forslår både endringer i behandlingen av kommunens politiske vedtak og av takstnemdenes takseringsvedtak. Av særlig betydning for LVKs medlemskommuner er departementets konklusjon om at det ikke er behov for en regulering av kommunenes rett til innsyn og klage over verdsettelsen av kraftanlegg. LVK vil avgi en omfattende høringsuttalelse hvor kravet om innsynsregler og klagerett gis en utfyllende begrunnelse. Det er viktig at kommunene også avgir egne uttalelser om dette. Hele LVKs høringsuttalelse - som også omtaler departementets øvrige forslag - vil bli sendt kommunene på epost og lagt ut på hjemmesidene. Av hensyn til høringsfristen og kommunenes egen behandling følger allerede nå en foreløpig orientering om LVKs hovedsynspunkter. Kravet om regler for innsyn og klage over skattemyndighetenes verdsettelse av kraftanlegg omtales nedenfor til slutt.



LVK er med enkelte viktige unntak enige om at forvaltningsloven skal gjelde for eiendomskatt

Departementet foreslår å la forvaltningsloven, med visse tilpasninger, også gjelde for eiendomsskatt. LVK er enig i at det er behov for klarere regler for saksbehandlingen i eiendomsskattesaker. LVK er, med enkelte viktige unntak, også enig i at forvaltningsloven bør komme til anvendelse. LVK mener imidlertid at på enkelte områder vil ligningslovens regler være bedre egnet.

Behovet for særregulering - særlig om krav til begrunnelse

Departementet foreslår visse særbestemmelser der reglene i forvaltningsloven ikke passer. Etter LVKs erfaringer er behovet for særregler større enn hva departementet legger til grunn. Blant annet innebærer departementets forslag at det stille urealistiske og unødige strenge krav til begrunnelsen av både takst- og uskrivingsvedtak. LVK går derfor imot dette forslaget. Også på noen andre punkter har LVK avvikende syn på behovet for særregulering.

LVK er uenig i forslaget om endringer i klagesystemet

Departementet foreslår videre omfattende endringer av systemet for klagebehandling, blant annet foreslås det at fylkesmannen skal være klageinstans for en rekke avgjørelser som i dag avgjøres av takstnemnd/overtakstnemnd og som også Høyesterett har uttalt er naturlig at tilligger nemndene å ta stilling til. LVK er uenig i departementets forslag - som etter LVKs oppfatning ikke i tilstrekkelig grad tar hensyn til den eksisterende kompetansfordelingen mellom takstnemndene, eiendomsskattekontoret og kommunestyret. Departementets forslag er dessuten uklart, noe som vil kunne føre til ny usikkerhet rundt kompetansfordelingen som i dag fungerer godt. Det er videre LVKs syn at nemndene er bedre egnet til å ivareta klagebehandlingen enn fylkesmannen når det gjelder de spørsmål departementet har foreslått skal overføres til Fylkesmannen. Fylkesmannens klagebehandling bør følgelig begrenses til å gjelde lovlighetskontrollen av kommunestyrens budsjettvedtak, slik situasjonen er idag.

LVK fremmer egne forslag for å klargjøre reglene om omgjøring og retting

Departementet foreslår videre også enkelte endringer når det gjelder muligheten for retting og omgjøring av takserings- og utskrivingsvedtak. LVK mener at departementets forslag er uklart og vil fremme flere egne forslag til presiseringer av reglene.

LVK støtter en videreføring av gjeldende søksmålsfrister mv.

Departementet foreslår en videreføring av dagens regler om søksmålsfrister. LVK støtter dette forslaget.

LVK støtter forslaget om at skattyter skal ha opplysnings- og medvirkningsplikt

Videre er LVK enig i departementets forslag om å lovfeste at eieren av en eiendom (skattyter) har plikt til å bidra med opplysninger og legge til rette for befarings.

LVK støtter departementets forslag om å videreføre de materielle reglene om taksering

I tillegg til forslagene om nye saksbehandlingsregler, foreslår departementet en redaksjonell endring av eiendomsskatteloven - hvor gjeldende takseringsregler i byskatteloven av 1911 §§ 4 og 5 tas inn i selve loven. Idag finner man reglene som en fotnote til eskl. § 33. LVK er enig i at de materielle reglene bør videreføres. På denne forutsetning har LVK ingen innvendinger mot forslaget om de redaksjonelle endringene utover enkelte kommentarer til departementets oversettelse av de begrep som er benyttet i de gamle lovtekstene og tatt inn i de nye.

LVK er uenig i departementets konklusjon om at det ikke er behov for en nærmere regulering av kommunenes rett til innsyn og klagerett ved verdsettelsen av kraftanlegg

LVK har anmodet om at reglene om kommunes rett til innsyn ved verdsettelsen av kraftanlegg klargjøres - og at kommunen må gis klagerett.

I motsetning for hva som gjelder for alle andre eiendomsskatteobjekter, har kommunene idag ikke klagerett på verdsettelsen av kraftanlegg. Kommunene har partsrettigheter i søksmål om kraftanlegg, men altså ikke klagerett over ligningsmyndighetenes verdsettelse. LVK kan ikke se at det er noen prinsipielle grunner for en slik forskjellsbehandlingen for en enkelt type eiendomsskatteobjekt. Så lenge verdsettelsesreglene i skatteloven § 18-5 først og fremst har betydning for fastsettelse av skattegrunnlaget for eiendomsskatt, mener LVK mener det er en usaklig og urimelig forskjellsbehandling av kommunenes rettssikkerhet.

Skattemyndighetene og kommunene har en felles interesse i av skattegrunnlagene er korrekte. LVK har dessverre erfart at det gjøres feil ved verdsettelsen av kraftanlegg, dels som følge av uriktige opplysninger i kraftverkeiernes selvangivelser. Det har også vist seg at ligningsmyndighetenes kontroll heller ikke har vært god nok. Selv om Sentralskattekontoret for Storbedrifter - på kommunenes anmodning ved påpeking av feil - både har gitt innsyn og foretatt omgjøringer av eiendomsskattegrunnlagene - er det også eksempler på at eskl. § 18 - som hjemler kommunenes rett til innsyn, tolkes så snevert at det ikke vil være mulig å kontrollere grunnlaget. Konsekvensen av dette er at man risikerer at betydelige midler undras fra beskatning. LVK gjentar derfor kravet om en bedre regulering av kommunenes rett til innsyn og rett til klage.

Med vennlig hilsen

Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar

Caroline Lund
Sekretær
Møterett for Høyesterett



Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar

C/O Advokatfirmaet Lund & Co DA

Postboks 1148 Sentrum, NO-0104 Oslo, Norway

Tel: + 47 99 11 99 00 | Faks: + 47 947 47 000 | Mobil: +47 99 11 99 01

E-post: cl@lundogco.no | www.lvk.no